



Ulla skule står uendra der han vart bygd og teken i bruk i 1886, med ei grunnflate på knapt 50 kvadratmeter. Knut Ulla og kulturlaget vil ta skulen i bruk att.

Nytt liv i Ulla skule

I år er det akkurat femti år sidan Ulla skule vart nedlagd. – Tenk det! seier ein oppglødd Knut Ulla.

HARAMSØY. Han meiner det er på tide å vekke skulen til live att. Knut Ulla er engasjert leiar i det nystifta kulturlaget «Ulla skule», som vil ta vare på skulen som kulturminne, og som felles samlingsstad for varierte kulturelle aktivitetar.

Knut Ulla er busett på Molde, men har røtene sine på Ulla. Det forklarar interessa for å ta vare på den gamle skulebygningen.

– Her vaks foreldra mine opp. Nettopp på denne pulsten sat

mor. Og her framme ved tavla stod far og underviste ein kort periode som lærar. Sjølv har eg vakse opp mellom hustuftene her ute.

Ulla meinte noko måtte gjerast for å ta vare på skulen. I påska var det møte og kulturlaget «Ulla skule» vart skipa. Med seg i styret har han Grethe Flem Ulla og Peder Ulla.

– Vi har alt femti medlemmer, men vil gjerne ha fleire. Alle kan vere med, understrekar Ulla.

Bustadadresse spelar inga rolle. Det enklaste er å gå inn på nettstaden ullanett.com.

Eldste skulen. Etter naustrekkja er skulehuset det viktigaste kul-

turminnet på Ulla. Det er faktisk den eldste skulen i gamle Haram kommune. Han står uendra der han vart bygd og teken i bruk i 1886 med ei grunnflate på knappe sju gonger sju meter med eitt klasserom, eit lærarrom og ein gang.

Rundt 1925 var elevtalet på topp med 25. Kraftig tømmer, luftig grunnmur og eit solid skifertak gjer at skulen står bruksklar den dag i dag, trass manglande bruk og vedlikehald dei siste femti åra.

Kulturhus. Skulen skal vere eit brukshus som alle kan nytte, og ikkje eit museum.

– Vi ser for oss kunstutstilling-

ar, kulturframsyningar og basarar. Vi blir glade om skulane ser seg nytte i å bruke huset. Vi er opne for gode forslag, seier han.

Laurdag inviterer dei til første kulturaktiviteten. I gamle dagar hadde ungdomslaget på Ulla, UL Sambandet, framføringar her. Og det var born skulen vart bygd for.

Derfor er det ekstra kjekt å kunne starte med teaterstykket «Pindia», som passar for born i alle aldrar.

GUNNAR STANDAL
kultur@smp.no

Knut Ulla ønskjer velkommen til kulturaktivitetar på Ulla skule. – Ved denne pulsten at mor som lita taus, fortel han.

